

Jorun Borge

Eidavegen 207

5993 Ostereidet tlf. 95251995. E post jor-borg@online.no

Eknes 25.07.2019

Elin H. Molvik. Byggesak Lindås Kommune.

Vedrørende bruksrett på veg til gbnr. 238/41 Eknes indre.

Svar på brev datert 09.07.2019.

Som eg tidlegare har opplyst om, har dei fire hyttene rett til bruk av gårdsvegen, men det er til gangveg. Og det er kunn Gunnar Guldbrandsøy som har fått skriftleg løyve frå Statens Vegvesen, og det er gangløyve. Det gjelder for dei andre og.

Dette var på 1970 talet, og vegen var ikkje kjørbær med bil, knapt nok med traktor. Og som eg tidlegare har sagt, vart det lagt grus i hjulspora og då vegen langs Revhaugmyra vart bygd fekk bnr. 41 og bnr.49 løyve av meg til å laga parkeringsplass, men dei har kunn fått det muntleg.

Men då arbeidet var ferdig i 2001 og dei skulle betala rekninga, var eigar gbnr. 238/41 ikkje villig til å betala sin del, han hadde ikkje bruk for veg og parkering. Om han betalte veit eg ikkje.

Vegen har ikkje den standar at det er forsvarleg å kjøyra med store kjøretøy, dei store bilane ligg heilt på ytterkanten på vegen. Det har vert fleire utforkjøyringar med småbilar på dei knapt 20 åra men dei har vorte bjerga med trator og nokre med bergingsbil. Men skulle ein større bil kvelva, vil det verta meir krevjande å berga.

Eg har vert i kontakt med Politiet, det var i fjor då Nordås tok seg til rette med transport med lastebil og veibygging uten løyve. Politiet tok kotakt med Nordås og han måtte avslutta kjøyringa, ellers vart han anmeldt. Og Politiet sa til meg at det var eg som bestemte over vegen, og eg kunne stenga den fysisk. Då vert det kunn gangveg. Det er beklageleg at det vil gå ut over dei som er uskuldige og ikkje tar seg til rette på andres eigedom uten løyve.

Ellers viser eg til brev datert 12.06.2019.

Frå

Jorun Borge

Jorun Borge

LINDÅS KOMMUNE	
Klasse: _____	
30 JUL 2019	
Arkivnr. _____	Løpenr. _____
Saksnr. _____	Tilgangskode _____